

**STRANDA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

---

**MØTEINNKALLING**

---

**19.03.2014**

**Kopi til:** Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte

**onsdag, 26.03.2014 kl. 16.05 i Formannskapssalen**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 14. november 2013  
« 02/14 - Årsmelding Stranda kontrollutval 2013  
« 03/14 - Gebyr for vatn og avløp 2014 – Stranda kommune  
« 04/14 - Prosjektskisse forvaltningsrevisjon - Strandafjellet (Blir å ettersende)  
« 05/14 - Orientering om rekneskapsresultata 2013 (Rådmannen blir bedt om å informere)  
« 06/14 - Utgreiing om organisering av revisjondistrikt – orienteringssak  
« 07/14 - Oppfølging av politiske vedtak – Rutinar for informasjon til kommunestyret om gjennomføring av politiske vedtak  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
STRANDA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato 14.11. 2013 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapsalen

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Svein Kvaløy.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad i sak 27/13. Han forlet møtet under behandlinga av sak 28/13.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 27/13  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. OKTOBER 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 14. oktober 2013 blir godkjent.

**SAK 28/13  
VEDKOMANDE KOM-057/13 SOM GJELD AVTALE MELLOM BREEZE  
FARSTAD AS OG STRANDA KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.11.2013

Følgjande framlegg til uttale vart lagt fram av kontrollutvalsekretariatet:

1. Kontrollutvalet finn ut frå ei samla vurdering at kommunen truleg har gjort gyldig vedtak om å yte eit årleg tilskot til Breeze Farstad AS frå og med 2006. Kommunen

sin avtale med Breeze Farstad AS kan truleg reknast som ein gyldig avtale. Kor lenge avtalen skal gjelde er ikkje heilt avklara.

2. Rutinane for dokumentasjon av politisk behandling av saker som har store konsekvensar for kommunen må innskjerpast slik at det i framtida ikkje blir tvil om kva vedtak som har blitt fatta. Saksbehandlinga som er rådmannen sitt ansvar må innskjerpast i samsvar med kommunelova § 23 nr. 2.
3. Det er behov for å styrke internkontrollen i saker som kjem inn under Lov om offentlige anskaffelser. Formålet med dette regelverket er m.a. å bidra til auka verdiskaping og effektiv ressursbruk basert på forretningsmessige omsyn og likebehandling. Kontrollutvalet tilrår at det blir utarbeidd klare retningslinjer for korleis kommunen skal sikre seg at desse retningslinene blir følgd.

**Magnar Furset fremma følgjande forslag til uttale:**

1. Kontrollutvalet finn ut i frå ei samla vurdering av tilgjengelege saksopplysningar at kommunen ikkje har gjort gyldig vedtak om å yte eit årleg tilskot til Breeze Farstad AS frå og med 2006. Kommunen si-/n tilsegn/avtale med Breeze Farstad AS kan difor heller ikkje reknast som ein gyldig avtale. Avtaletid har heller ikkje vore avklara.
2. Reglar og rutinar for sakshandsaming og dokumentasjon av politisk behandling av saker som har store konsekvensar for kommunen har ikkje vore haldne. Desse må innskjerpast slik at det i framtida ikkje blir tvil om kva vedtak som har blitt fatta. Saksbehandling som er rådmannen sitt ansvar, må handterast i samsvar med kommunelova § 23 nr. 2 og ikkje av ordføraren slik det har vore gjort i denne saka.
3. Kontrollutvalet konkluderer vidare med at «Lov om offentlig anskaffelse» er omgått under oppføring av vaskeribygget i Svemorka. Det er såleis behov for å styrke internkontrollen i saker som kjem inn under denne lova. Formålet med dette regelverket er m.a. å bidra til auka verdiskaping og effektiv ressursbruk basert på forretningsmessige omsyn og likebehandling. Kontrollutvalet tilrår at det blir utarbeidd klare retningslinjer for korleis kommunen skal sikre seg at Lov om offentlige anskaffelser blir følgd.

Framleggjettet frå Magnar Furset vart sett opp i mot forslaget frå kontrollutvalsekretariatet i ei punktvis votering, men med eit unntak. Inge Gjærde viste til kontrollutvalsekretariatet sitt punkt 1 der uttrykket «gyldig avtale» var brukt og la i staden fram forslag om å bruke formuleringa «bindande vedtak». Ingen hadde merknader til dette og det vart då sistnemnte formulering som vart votert over.

**Punkt 1.**

Magnar Furset sitt forslag vart vedteke med 3 røyster. Kontrollutvalsekretariatet sitt forslag med endring etter forslag frå Inge Gjærde fekk 2 røyster.

**Punkt 2.**

Magnar Furset sitt forslag vart vedteke med 3 røyster. Kontrollutvalsekretariatet sitt forslag fekk 2 røyster.

### **Punkt 3.**

Magnar Furset sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Inge Gjærde sette fram forslag om eit 4. 5. og 6. punkt som lydde slik:**

4. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er inngått avtale med Breeze Farstad AS som forpliktar kommunen å betale tilskottet over ein periode på 10 år. Avtalen underteikna av ordførar i 2006 spesifiserer ikkje kor lenge ordninga skal gjelde, og går dermed ikkje utover formannskapsvedtaket på dette punktet. Om kommunen likevel vil vere bunden av avtalen blir eit juridisk spørsmål der det kan visast til ulik rettsleg praksis.
5. Avtalen kan i alle høve ikkje vidareførast om ordninga er i konflikt med Lov om offentlig støtte. Kommuneadvokaten vurderer kommunens kutt i leigeutgiftene som ulovleg etter EØS-regelverket (notat 04.10.13), medan kontrollutvalsekretariatets advokat kjem til motsett konklusjon (notat 30.10.13). Kontrollutvalet vil ikkje tilrå ei avvikling av støtta basert på eventuelle brot på EØS-regelverket, før det juridiske grunnlaget er nærmere avklart.
6. Kommunestyret tek uttalen frå kontrollutvalet til orientering

Punkt 4, 5 og 6 vart samrøystes vedtekne.

### **Kontrollutvalet sin utale blir slik:**

1. Kontrollutvalet finn ut i frå ei samla vurdering av tilgjengelege saksopplysningar at kommunen ikkje har gjort gyldig vedtak om å yte eit årleg tilskot til Breeze Farstad AS frå og med 2006. Kommunen si/-n tilsegn/avtale med Breeze Farstad AS kan difor heller ikkje reknast som ein gyldig avtale. Avtaletid har heller ikkje vore avklara.
2. Reglar og rutinar for sakshandsaming og dokumentasjon av politisk behandling av saker som har store konsekvensar for kommunen har ikkje vore haldne. Desse må innskjerpast slik at det i framtida ikkje blir tvil om kva vedtak som har blitt fatta. Saksbehandling som er rådmannen sitt ansvar, må handterast i samsvar med kommunelova § 23 nr. 2 og ikkje av ordføraren slik det har vore gjort i denne saka.
3. Kontrollutvalet konkluderer vidare med at «Lov om offentlig anskaffelse» er omgått under oppføring av vaskeribygget i Svemorka. Det er såleis behov for å styrke internkontrollen i saker som kjem inn under denne lova. Formålet med dette regelverket er m.a. å bidra til auka verdiskaping og effektiv ressursbruk basert på forretningsmessige omsyn og likebehandling. Kontrollutvalet tilrår at det blir utarbeidd klare retningslinjer for korleis kommunen skal sikre seg at at Lov om offentlige anskaffelser blir følgd.
4. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er inngått avtale med Breeze Farstad AS som forpliktar kommunen å betale tilskottet over ein periode på 10 år. Avtalen underteikna av ordførar i 2006 spesifiserer ikkje kor lenge ordninga skal gjelde, og går dermed ikkje utover formannskapsvedtaket på dette punktet. Om kommunen likevel vil vere bunden av avtalen blir eit juridisk spørsmål der det kan visast til ulik rettsleg praksis.

5. Avtalen kan i alle høve ikkje vidareførast om ordninga er i konflikt med Lov om offentlig støtte. Kommuneadvokaten vurderer kommunens kutt i leigeutgiftene som ulovleg etter EØS-regelverket (notat 04.10.13), medan kontrollutvalsekretariatets advokat kjem til motsett konklusjon (notat 30.10.13). Kontrollutvalet vil ikkje tilrå ei avvikling av støtta basert på eventuelle brot på EØS-regelverket, før det juridiske grunnlaget er nærmere avklart.
6. Kommunestyret tek uttalen frå kontrollutvalet til orientering

## **SAK 29/13**

### **PROSJEKTSKISSE FORVALTNINGSREVISJON - STRANDAFJELLET**

Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kommunerevisjonen - i samråd med leiar i kontrollutvalet vil arbeide vidare med ei prosjektskisse før nyttår.

## **SAK 30/13**

### **BUDSJETT 2014 FOR STRANDA KOMMUNE – ORIENTERING OM BUDSJETTPROSESSEN (Saka kom opp under eventuelt)**

Økonomisjef Ståle Anker Ljøen orienterte,

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde leiar (sign.)	Randi Strand Overaa nestleiar (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Svein Kvaløy medlem (sign.)
---------------------------------	---	------------------------------------	---	-----------------------------------

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Stranda kommune

Dato: 19.03.2014

**SAK 02/14  
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2013 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2013 for Stranda kontrollutval.

---

Harald Rogné  
dagleg leiar

## **STRANDA KOMMUNE KONTROLLUTVALET**

### **ÅRSMELDING FOR VERKSEMADA I 2013**

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2013 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpende tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat. Stranda kommunestyre har også vedteke eige reglement for Stranda kontrollutval.

Mellan anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2011 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Inge Gjærde (H)  
Nestleiar: Randi Strand Overaa (Sp)  
Medlem: Magnar Furset (Ap)  
Medlem: Eva Rinde Habostad (Krf)  
Medlem: Svein Kvaløy (V)

## **Aktiviteten i året**

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2013 og behandla 30 saker. Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpende oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidra her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen.

Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar. Dette gjeld både for Stranda kommune, Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF.

Vidare har kontrollutvalet lagt ned ein del arbeid med oppfølginga av både rekneskapsrevisjon og selskapskontroll samt presisering av prosjektskisse for forvaltningsrevisjon. Ei oppfølging innan VAR – området har også blitt gjort.

Kontrollutvalet har også brukt mykje ressursar på saksbehandlinga av Seawalk prosjektet og avtalane mellom Breeze Farstad AS og Stranda kommune. Begge desse saken har vore relativt tunge saker.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leiing.

Stranda, den 26.03.2014

Inge Gjærde leiar (sign.)	Randi Strand Overaa nestleiar (sign.)	Magnar Furset medlem (sign.)	Eva Rinde Habostad medlem (sign.)	Svein Kvaløy medlem (sign.)
---------------------------------	---	------------------------------------	---	-----------------------------------

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Stranda kommune

Dato: 19.03.2014

**SAK 03/14  
GEBYR FOR VATN OG AVLØP 2014 – STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Brev fra Magnar Furset datert 3. mars 2014
- Saksdokument fra kommunestyret, Grunnlag for vedtak av årsgebyr vatn og avløp
- Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Stranda kommune

Magnar Furset skriv:

*Felles for både vatn og avløp er at i "skjema 13" er det vist samla årsgebyr for fire kategoriar privatabonnement med stipulert forbruk, og ni kategoriar næringsabonnement differensiert etter målt forbruk.*

*Mangelen med dette er at vedtaksorgana eller forbrukarane ikkje lenger ser dei ulike sidene ved topriksystemet som vart vedteke brukt ifrå 2006. Det er basert på ei fordeling av abonnementsgebyr og forbruksgebyr som so langt det let seg gjere skal spegle kommunen sine kostnader med vatn og avløpstjenestene til dei ulike forbrukarkategoriene.*

Magnar Furset meiner at ved å vedta berre det samla årsgebyret, har kommunestyret lagt deler av gebyrfastsettinga i hendene på administrasjonen. Han meiner vidare at nokre næringsabonnementkategoriar har fått redusert sitt abonnementsgebyr med ein halvdel og opp til to tredjedelar. I praksis må vel det bety at her har skjedd administrative endringar i gebyra. Han meiner vidare at det i fleire år ikkje har vore framlagt for vedtaksorgana noko form for tilknytingsgebyr, refusjon eller vassmålargebyr. Han viser også til talmessige feil i utrekninga av prisane.

Det vart i 2006 innført ei topriksordning for fastsetting av årsgebyr for vatn og for avløp. Samla årsgebyr for vatn (og for avløp) vart bestemt ut frå eit abonnementsgebyr (fastgebyr) og eit forbruksgebyr (stipulert eller etter målar). Spesifikasjonen gjekk fram av tabellar lagt fram til politisk behandling.

Ein har fått opplyst at ved innføringa av toprissystemet var det planen at ordninga skulle evaluerast etter eitt år. I 2007 skal det ha blitt bestemt å utsette evalueringa til neste år. Det har vidare blitt opplyst at i 2008 hadde administrasjonen ikkje ressursar til å gjennomføre ei evaluering, og seinare har ikkje saka blitt teke opp.

Av kommunal- og regionaldepartementet vart det i 2003 utarbeidd "Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstenester." (H-2140) (Det er no utarbeidd nye retningslinjer som skal tre i kraft frå 2015).

Avhengig av betydninga av den enkelte betalingstenesta (økonomisk og prinsipielt), vil det vere ulike krav til presisjon og totalitet i ei sjølvkostkalkyle. I dei tilfella der tenesta har lav økonomisk betydning for kommunen og betalingssatsane utgjer små beløp for brukaren, vil det vere få incitement til å legge store ressursar i ei sjølvkostkalkyle. Tilsvarande vil truleg vere tilfelle for tenester der eigenbetalingane kun utgjer ein ubetydeleg del av kommunen sine kostnader.

Det vil i enkelte tilfelle vere gode grunnar for å gi ein detaljert dokumentasjon på kostnadane. Enkelte kommunar har som følgje av store investeringar eller tap på utbyggingsprosjekt vore nøydd til å redusere eller ta vekk subsidiering av betalingstenestene. Solid dokumentasjon vil vere eit effektivt verkemiddel for å vise at prisane ikkje blir sett høgare enn kostnadane.

Høge priser som ikkje er dokumentert eller etterprøvbarer, vil lett føre til mistillit mellom innbyggjarane og kommunen. I tillegg vil dette ofte vere interessant for media.

Av § 1, tredje ledd i Forskrift om kommunale vann- og avløpsgebyrer går mellom anna følgjande fram:

*Før kommunen gjør vedtak om gebyrenes størrelse, skal det et foreligge et overslag over kommunens antatte kostnader til investeringer, drift og vedlikehold på vann- og avløpssektoren for de nærmeste årene (minimum 3 år). ----- Det skal også foreligge et overslag over hvilke beløp gebyrene anntas å innbringe.*

Kommunen sin dokumentasjon av sjølvkost er ikkje presentert i dei sakene der avgiftsnivået blir vedteke. Retningslinene nemnt ovanfor blir ikkje følgt. Det er også problematisk å etterprøve dei utrekningane som er gjort i saksframstillinga ettersom det ikkje er gjort skille mellom fastgebyr og forbruksgebyr. Eventuelle endringar i kategorifaktorar går heller ikkje fram. I det heile er det lite opplysningar som kjem fram i saksutgreiingane.

Kommunestyret har bedt om nærmare vurdering av gebyra for vatn og avløp. Saka ligg no i hovudutvalet MK (miljø og kommunalteknikk). Kontrollutvalet treng ikkje gå nærmare inn på denne sida av saka.

På bakgrunn av ovenståande og med blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **vedtak :**

1. Med bakgrunn i spørsmål som er reist i tilknyting til gebyra for 2014 vil kontrollutvalet tilrå at kommunestyret etter tilråding frå fagutval og formannskap fastset tilleggskrav om saksopplysingar ved fastsetting av kommunale gebyr.
2. I tillegg til krava gitt i gjeldane forskrift for kommunale gebyr, blir det tilrådd at tabellane skal 1) spesifisere årsgebyra i fast- og forbruksgebyr, 2) ha kolonne for samanlikningstal for prosentendring i gebyra, og 3) gi opplysning om endring av kategorifaktor.
3. Mulig praksis med administrativ fastsetting av vassmålargebyr, tilknytingsgebyr og refusjonar er *ikkje* i samsvar med gjeldande forskrift 01.09.05 for Stranda kommune. Gebyr som kjem innunder gebyrregulativet skal fastsettast av kommunestyret.
4. Kontrollutvalet føreset at forskrift for vass- og avløpsgebyr med tilleggskrav fastsett av kommunestyret blir følgt opp frå og med 2015.

Harald Rogne  
dagleg leiar

STRANDA KOMMUNE	Saksb.
03 FEB 2014	
Arkivsak	Journalp.

Til kontrollutvalet i Stranda kommune  
 Vleiar Inge Gjørde  
 Øyna 13 - 6200 STRANDA

## Gebyr for vatn og avløp 2014

Under kommunestyret si handsaming av gebyra for vatn og avløp den 18/12 – 13, vart det gjort vedtak om at – «kommunestyret ber om ein ny gjennomgang og kvalitetssikring av gebyrskjema vatn 2014». Eit likelydande vedtak vart gjort for avløp. MK-utvalet skulle ha disse sakene opp til handsaming i møtet den 13/2 – 14 som sak 016/14 og 017/14. Dei vart av tidsknappheit utsett.

Det går fram av saksutgreiinga at for avløp måtte det til nokre mindre korrigeringar på gebyrsatsane. Desse er så små at administrasjonen rår til at vedtaket frå 18/12 -13 vert ståande som vedteke. Etter framlegg om auke av gebyra på +5,8 %, vedtok kommunestyret «skjema 13» slik det låg ved i saka.

I saksutgreiinga for vatn legg administrasjonen fram att dei same tala som sist, då ein etter kontroll ikkje «finn endringar eller manglar med desse», og rår til at vedtaket frå 18/12 – 13 vert ståande slik det vart vedteke. Etter framlegg om reduksjon av gebyra med -16 %, vedtok kommunestyret «skjema 13» slik det låg ved i saka.

Felles for både vatn og avløp er at i «skjema 13» er det vist samla årsgebyr for fire kategoriar privatabonnement med stipulert forbruk, og ni kategoriar næringsabonnement differensiert etter målt forbruk.

Mangelen med dette er at vedtaksorgana eller forbrukarane ikkje lenger ser dei ulike sidene ved toprissystemet som vart vedteke brukt ifrå 2006. Det er basert på ei fordeling av abonnementsgebyr og forbruksgebyr som så langt det let seg gjere skal spegle kommunen sine kostnader med vatn og avløpstjenestene til dei ulike forbrukarkategoriene.

Ved å vedta berre det samla årsgebyret, har kommunestyret lagt deler av gebyrfastsettinga over i hendene på administrasjonen. Det er ikkje verken lovleg eller tilrådeleg. I åra 2011- 2014 har det ført til at nokre næringsabonnementkategoriar har fått redusert sitt abonnementsgebyr med ein halvdel og opp til to tredjedelar. I tillegg har det desse åra heller ikkje vore framlagt for vedtaksorgana noko former for tilknytingsgebyr, refusjon eller vassmålgebyr.

Dette er ein utilfredsstillande situasjon for kommunen sine innbyggjarar. Dei aller fleste familiane og bedriftene har eit kontraktstilhøve til kommunen som dei må betale for. No er rekningane sendt ut for fyrste gong i år.

Det verkar underleg og uventa at gebyra for vatn og avløp kjem fram att uendra etter fornemnde kontroll og ettersyn. Når kommunestyret etter saksframlegget sluttar seg til og vedtek ein reduksjon i vassgebyra på -16 %, har m3-prisen på vatn auka med 7,27 %. I 2013 var prisen pr. m3 kr. 9,23 + mva, i 2014 er han kr. 9,90 + mva. pr. m3. Når kommunestyret etter saksframlegget vedtok auking i gebyra for avløp med +5,8 %, har prisen pr. m3 avløp blitt redusert med -9,9 %. I 2013 var prisen pr. m3 kr. 11,10 + mva., i 2014 er han kr. 10,00 + mva. pr. m3.

Dette kunne alle lett ha oppdagå dersom prisane for fjoråret hadde gått fram av saksutgreiingane. Alle seier at det er menneskeleg å feile, men etter dataen finst det som kjent ikkje menneskelege feil – eller? For eldre og andre feil viser eg til tidlegare notat.

Kontrollutvalet kan ikkje overprøve «politiske prioriteringar» av folkevalde organ, men her har det vore gjort vedtak med basis i feil i saksframstillinga. Denne stettar heller ikkje dei grunnleggande og opplysningselementa som toporisordninga legg opp til. Kontrollutvalet har tidlegare påpeika dette, og kommunestyret har sluttar seg til kravet.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollutval, men som eg ofte før har sagt, vi er også innbyggjarane sitt kontrollutval, sidan kommunestyret er til for innbyggjarane. Denne saka bør vi vel difor snarast ta opp til drøfting i utvalet.

Furset, 3. mars 2014

  
Magnar Furset, medl. i kontrollutvalet i Stranda kommune

## VANN

### Grunnlag for vedtak av årsgebyrer

(Tall i gule celler beregnes automatisk)

#### Skjema 13: Vedtaksgrunnlag - budsjett

Årstall

2014

Utgifter	10 259 108
Inntekter	9 787 800
Bruk av selvkostfond	0
Dekningsgrad	95,4 %
Vannpris (kr/m <sup>3</sup> )	9,90
Økning fra året før	-16,0 %

#### Årsgebyrer for de ulike kategoriene

Privatabonnenter	Årsgebyr	Gebyrøkning
Hytte / Fritidshus	1 695	-17,4 %
Seksjon	2 525	-17,2 %
Bustad < 190 m <sup>2</sup>	3 253	-17,2 %
Bustad > 190 m <sup>2</sup>	4 447	-17,1 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %

Næringsabonnenter	Årsgebyr	Gebyrøkning
Forbruk < 350 m <sup>3</sup>	5 523	-17,8 %
Forbruk >350 < 1.000m <sup>3</sup>	11 306	-17,1 %
Forbruk > 1.000 < 5.000m <sup>3</sup>	31 879	-17,0 %
Forbruk > 5.000 < 10.000	88 331	-16,7 %
Forbruk > 10.000 < 20.000	198 043	-16,3 %
Forbruk > 20.000 < 30.000	253 285	-16,2 %
Forbruk > 30.000 < 40.000	404 974	-16,3 %
Forbruk > 40.000 < 50.000	514 943	-16,2 %
Forbruk > 50.000 m <sup>3</sup>	557 454	-16,2 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %

## AVLØP

### Grunnlag for vedtak av årsgebyrer (Tall i gule celler beregnes automatisk)

#### Skjema 13: Vedtaksgrunnlag - budsjett

Årstall	2014	
Utgifter	10 259 108	
Inntekter	10 399 780	
Bruk av selvkostfond	0	
Dekningsgrad	101,4 %	
Vannpris (kr/m <sup>3</sup> )	10,00	
Økning fra året før	5,8 %	
Årsgebyrer for de ulike kategoriene		
Privatabonnenter	Årsgebyr	Gebyrøkning
Hytte / Fritidshus	2 343	2,7 %
Seksjon	3 390	2,9 %
Bustad < 190 m <sup>2</sup>	4 336	3,0 %
Bustad > 190 m <sup>2</sup>	5 856	3,1 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
Næringsabonnenter	Årsgebyr	Gebyrøkning
Forbruk < 350 m <sup>3</sup>	8 204	2,1 %
Forbruk >350 < 1.000m <sup>3</sup>	14 781	3,2 %
Forbruk > 1.000 < 5.000m <sup>3</sup>	40 602	3,4 %
Forbruk > 5.000 < 10.000	118 664	3,7 %
Forbruk > 10.000 < 20.000	229 484	4,7 %
Forbruk > 20.000 < 30.000	285 284	4,9 %
Forbruk > 30.000 < 40.000	445 820	4,8 %
Forbruk > 40.000 < 50.000	556 900	5,0 %
0	599 840	5,1 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %
0	0	0,0 %



## Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Stranda kommune, Møre og Romsdal.

Dato	FOR-2005-10-12-1269
Publisert	II 2005 hefte 5
Ikrafttredelse	01.01.2006
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Stranda kommune, Møre og Romsdal.
Hjemmel	LOV-1974-05-31-17 (/lov/1974-05-31-17)
Kunngjort	10.11.2005
Rettet	
Korttittel	Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Stranda

Fastsett av Stranda kommunestyre 12. oktober 2005 med heimel i lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter.

### I. Generelle reglar

Abonnentane i kommunen skal betale for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, av lokale reglement, avgjerd, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter.
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften).
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Stranda kommune (dette dokumentet).
4. Andre dokument:
  - a. Gebyrregulativ
  - b. Gjeldande Normalreglement for sanitæranlegg (Tekniske og administrative avgjerder).

### ***§ 1. Føremålet med forskrifta***

Forskrifta bestemmer utrekning og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstjenestene kommunen leverer.

### ***§ 2. Verkeområdet for forskrifta***

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen, sjå definisjon i § 3.

### § 3. Definisjonar

#### Abonnent:

Eigar/festar av eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer/seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), eller knytt til kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka (tinglyst), men der festaren eig bygningane som er plassert på tomta og bruker festeretten slik det går fram av lov om tomtefeste.

For festeavtalar med kort festetid (feste til anna enn bustad og fritidsbustad) kan det avtalast at andre enn festaren kan vere abonnent.

Eigar/festar av eigedom som kommunen i medhald av § 65, § 66 og § 92 i plan- og bygningslova har kravd tilknytt kommunal vass- og avløpsleidning.

#### Abonnementsgebyr:

Den faste delen av årsgebyret som skal dekke ein del av dei faste utgiftene kommunen har til vass- og/eller avløpstener (gjeld frå den dato det blir innført).

#### Bruksareal (BRA) etter NS-3940 (forenkla):

- Arealet innanfor dei omslutta veggane i bustaden og
- Del av fellesareal som hører til bustaden, men som ligg utanfor dei omslutta veggane i bustaden. For detaljar, sjå NS-3940.

#### Bruksendring:

Med endring i bruken av eigedomen meiner ein her endring mellom ulike kategoriar, som for eksempel bustad, fritidsbustad/hytte og nærings-/offentleg verksemd (gjeld frå den dato det blir innført).

#### Eingangsgebyr for tilknyting:

Eingangsgebyr for etablering av abonnement på vass- og/eller avløpstener.

#### Felles privat stikkleidning:

Leidning eigd i fellesskap av abonnentar knytt til kommunalt leidningsnett.

#### Privat stikkledning:

Leidning eigd av abonnenten som er knytt til kommunalt VA-nett. For vatn reknast leidning frå bygningsliv til kommunal leidning inklusiv anboringsklaven. For avløp reknast leidning frå bygningsliv til kommunal leidning inklusiv grenrøret.

#### Forbruksgebyr:

Den variable delen av årsgebyret som blir betalt etter forbruk, målt eller stipulert (gjeld fra den dato det blir innført).

*Fritidsbustad/hytte:*

Fast eidegod med bygning(ar) regulert/godkjend til fritidsbustad/hytte, eller bustad som berre har innlagt vatn via sommarvassleidning.

*Gebyrregulativet:*

Gjeldande prisoversikt for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet blir årleg regulert av kommunestyret.

*Næringsverksemnd:*

Forretningsverksemnd.

*Offentleg verksemnd:*

Verksemnd driven av stat, fylke eller kommune.

*Stipulert forbruk:*

Forventa forbruk hos ein abonnent fastsett på basis av bygningsarealet.

*Tenestedeklarasjon:*

Eit dokument som gjer greie for rettane og pliktene til abonnentane og kommunen, kva skjer når desse ikkje blir etterlevd og informasjon om klagerett.

*Årsgebyr:*

Gebyr som blir betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass- og/eller avløpstenester i kommunen.

Årsgebyret er samansett av abonnementsgebyr og forbruksgebyr (gjeld fra den dato det blir innført).

## II. Vass- og avløpsgebyr

### § 4. Gebyrtyper

Følgjande gebyrtyper gjeld for både vass- og avløpstenester:

- Eingangsgebyr for tilknyting
- Årsgebyr
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for mellombels tilknyting
- Tilleggsgebyr.

### **§ 5. *Eingongsgebyr for tilknyting***

Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter krev at det blir betalt eingongsgebyr for tilknyting til vass- og/eller avløpstjenester.

Eingongsgebyret blir betalt for eideom der det står bygg, eller ved førstegongs oppføring av bygg på eideom, som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsnett. Eingongsgebyret skal vere likt for alle abonnentar og skal betalast ved tilknyting første gong. Eingongsgebyret blir fastsett ved å multiplisere bruksareal til bygget (BRA) med einingspris i kr/m<sup>2</sup> og skal betalast ved førstegongs tilknyting. Einingsprisen kjem fram av gebyrregulativet.

For bygg/utviding på tomter/område der kommunen eller privat utbyggar krev innbetalt opparbeidingskostnader for interne permanente tekniske anlegg som er utført etter planer godkjent av delegert utval for og i samsvar med godkjent reguleringsplan/tomtedelingsplan, skal det betalast eingongsgebyr etter reduserte satsar (stikkleidning frå fellesanlegget og fram til den einskilde tomt, inkl. eventuelt stakekum på denne blir sett på som private anlegg og blir ikkje rekna med i kostnaden).

Kommunen kan fastsette avvikande eingongsgebyr for tilknyting når tilknytingen krev ekstra høge/lave kostnader, eller når eideomen på eit seinare tidspunkt blir utbygd med tilbygg over 100 m<sup>2</sup> bruksareal.

Det skal ikkje betalast eingongsgebyr for tilknyting av sprinklaranlegg, men alle kostnader vedrørande tilknyting og frakbobling skal betalast av eigar/fester av eideomen.

Storleiken på gebyret blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet.

## § 6. Årsgebyr

Årsgebyret for vass- og/eller avløp skal betalast for fast eigedom som er knytt til kommunal vass og/eller avløpsleidning, og skal reknast frå og med månaden etter at eigedomen er tilknyttt kommunalt leidningsnett.

Årsgebyret blir rekna etter ein fast del og etter stipulert eller målt vassforbruk, og vatn ut (avløpsmengde) settes lik vann inn (vassforbruk). Sjå § 8.

### *Stipulert vassforbruk/avløpsmengde*

Alle bustadeigedommar som ikkje krev å betale årsgebyr etter målt vassmengde, skal betale etter stipulert vassforbruk / avløpsmengde.

### *Målt forbruk*

For alle eigedomar kor det drives næringsverksem og offentlig verksem skal det betalast årsgebyr etter målt forbruk og einingspris i kr/m<sup>3</sup>.

Også eigedomar som brukast til bustadformål kan ein krevje at årsgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at årsgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

Det skal ikkje betalast årsgebyr for sprinklaranlegg.

## § 7. Installasjon og bruk av vassmålar

For installasjon, flytting og bruk av vassmålar gjeld kommunen sine bestemmingar slik dei går fram av kommunen sitt Sanitærreglement, jf. pkt. 3.9 i Administrative bestemmelser, og pkt. 1.6 i tekniske bestemmelser.

Vassmålan er kommunen sin eigedom og bestemmer type og skal betalast etter gebyrregulativet.

Bruk av vassmålar føreset at kommunen skal ha tilgang til å kontrollere/lese av målaren.

Vassmålan skal kontrollerast med jamne mellomrom, og avlesast ved kvart årsskifte den 31. desember. Avlest mengde skal rapporterast i løpet av 14 dagar på tilsendt måleravlesingskort. Ved manglande avlesing/rapportering som resulterer i purring ileggast det eit purregebyr. Etter tre resultatlause purringar vil kommunen krevje å få lese av måler, og i slike tilfeller blir det kravd eit tilleggsgebyr.

Purregebyr og tilleggsgebyr fastsettes i gebyrregulativet.

### **§ 8. Avvik i årsgebyret**

Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp bli basert på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslip).

For næringsverksemd og offentleg verksemd der samansetjinga av avløpsvatnet skil seg ut frå vanleg hushaldningsavløp og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avløpsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstrautgiftene/innsparingane.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Forhold som gir grunnlag for reduksjon i gebyra går fram av tenestedeklarasjonen i kommunen. (Gjeld frå den dato det blir innført.)

### **§ 9. Mellombels tilknyting**

Mellombels tilknyting gjeld for arbeidsbrakker og andre bygningar av mellombels art med innlagt vatn, som berre skal brukast i ein avgrensa periode.

Eigar/fester av eigedomen skal betale årsgebyr etter gjeldande regler for næringsverksemd, med avregning i forhold til den tid tilknytingen er operativ. Storleik av gebyr for næringsverksemd kjem fram av gebyrregulativet.

Ein skal ikkje betale eingangsgebyr for tilknyting, men alle kostnader ved tilknyting og fråkopling blir belasta eigar/festar av eigedomen.

Mellombels tilknyting gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om vidareføring. Elles gjeld tekniske og administrative avgjerder i kommunen.

### § 10. *Innbetaling av gebyr*

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for eingongsgebyr for tilknyting til abonnenten samstundes som igangsettingsløyve (byggeløyve) blir gitt eller når eksisterande bygg blir tilknytt kommunal leidning. Eingongsgebyret må vere innbetalt før tilknyting skjer.

Årsgebyr blir kravd inn på felles faktura og blir fordelt over to terminar pr. år.

Gebyr for mellombels tilknyting og tilleggsgebyr blir fakturert særskilt.

Avlesing av målt vassforbruk blir gjort ein gong i året. Forbruksgebyret blir betalt a konto fordelt over 2 terminar basert på forbruket for fjaråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing skal det avtalast nytt a konto beløp.

Basert på søknad til kommunen kan abonnenten få fritak for årsgebyret, når eideomen fysisk blir kopla frå leidningsnettet. Abonnementet vil opphøre frå meldingsdato om når anboringspunktet er plombert. Ny tilknyting av eideomen krev ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknyting, med mindre det er foretatt vesentlig bygningsmessig utviding, jf. § 5 om eingongsgebyr for tilknyting.

Både fråkopling og ny tilknyting føreset ein blir utført for abonnenten sin kostnad og etter tilvising frå kommunen.

## III. Avsluttande føresegner

### § 11. *Innkrevjing av gebyr*

Forfalla krav på årsgebyr er sikra med pant i eideomen etter § 6-1 i pantelova. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### § 12. *Vedtaksmakt*

Vedtak etter denne forskriften blir fatta av administrasjonssjefen eller etter eiga delegeringsvedtak.

### § 13. *Klage*

Når det blir fatte einskildvedtak etter denne Forskrifta, skal den/dei dette vedtaket gjeld, bli informert om den klageretten som er bestemt i Forvaltningslova kap. IV-VI. Eventuell klage blir send til den instansen som har fatta vedtaket.

Vedtak om gebyra sin storleik, som går fram av gebyrregulativet, reknast som føresegn, jf. § 2 første ledd c) i forvaltningslova. Dette er ikkje einskilde vedtak og kan difor ikkje påklagast.

**§ 14. Iverksetjing**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2006.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 19.03.2014

**SAK 06/14  
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT -  
ORIENTERINGSÅK**

Som vedlegg følgjer:

- Notat frå interimsgruppa – Kommunal revisjon i Møre og Romsdal

Det blir vist til vedlagte notat. Dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnson vil gi ei nærmare orientering.

---

Harald Rogne  
dagleg leiar

---


## **Kommunal revisjon i Møre og Romsdal**

---

---

**30. august 2013**

---



## Møre og Romsdal – kommunal revisjon

Ønske om å få etablert et interkommunalt samarbeid om revisjon for alle kommuner og fylkeskommunen i Møre og Romsdal har flere ganger vært oppe til vurdering.

Høsten 2012 ble en invitasjon til samarbeid sendt fra styret i Kommunerevisjonsdistrikt II til kontrollutvalget i Møre og Romsdal Fylkeskommune. Denne invitasjonen ble behandlet i kontrollutvalget og deretter i fylkestinget. Det ble her vedtatt å utrede alle sider ved et samarbeid med Kommunerevisjonsdistrikt II, i tillegg ble det åpnet for at andre kommuner i fylket kan bli med i utredningsarbeidet. Fylkestinget vedtok også at utredningen skal legges fram for fylkestinget før eventuelle forhandlinger om etablering av en felles revisjonsenhet.

Etter positivt vedtak i fylkestinget har interessentene i samarbeidet satt ned en interimsarbeidsgruppe med deltagere fra kontrollutvalgene og fra revisjonsenhetene. Interimsarbeidsgruppen har sendt invitasjon til alle kommuner v/kontrollutvalgssekretariatet og revisjonsdistrikt i fylket, og invitert dem til å delta i arbeidet. Etter denne invitasjonen er det foreløpig Distriktsrevisjon Nordmøre IKS som har meldt sin interesse for å delta i utredningen, og derved er blitt med i interimsarbeidsgruppa.


Interimsarbeidsgruppa har nå følgende deltagere:

Navn	Rolle	Fra
Ingvild Bye Fugelsøy	Revisor/tillitsvalgt	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS
Anny Sønderland	Revisor/tillitsvalgt	Kommunerevisjonsdistrikt II
Ronny Rishaug	Revisor/tillitsvalgt	Fylkesrevisjonen
Åse Eriksen	Sekretær	Kontrollutvalgene i Romsdal
Harald Svendsen	Sekretær	Kontrollutvalgene på Nordmøre
Hans Blø	Sekretær	Kontrollutvalget i fylkeskommunen
Sigmund Harneshaug	Revisjonssjef	Kommunerevisjonsdistrikt II
Finn Å. Ødegård	Revisjonssjef	Fylkesrevisjonen
Bjarne Dyrnes	Revisjonssjef	Distriktsrevisjon Nordmøre IKS

Interimsarbeidsgruppa mener utredningsarbeidet må ha en forankring hos alle deltagere og foreslår at det etableres en styringsgruppe som leder dette arbeidet. De som ønsker å delta i utredningen inviteres til et møte i representativt organ hvor styringsgruppen velges, og hvor mandatet for utredningen blir fastlagt.

Interimsarbeidsgruppen legger i dette notatet fram forslag til mandat, organisering og framdriftsplan for utredningen.

## Prosesskart



## Mandatet for utredningen

Alle kommunene som er invitert med i utredningen er godt fornøyd med sine revisjonsenheter i dag. Det er derfor framtidens utfordringer og hvordan disse skal møtes som er grunnlaget for utredningen. Arbeidsmarkedet er stramt i vår region, og det har vært utfordringer med rekruttering av revisorer ved enkelte anledninger. Kommunal revisjon vil også av enkelte arbeidssøkere kunne oppleves som en nisje i markedet, noe som kan gi større utfordringer på området i framtiden. En større revisjonsenhet gir større fagmiljø og kan bidra til breiere og bedre rekruttering. Utredningen bør derfor ha som fokus hvordan en kan bidra til å beholde og rekruttere kompetansen kommunene har behov for i framtida.

Trenden i revisjonsbransjen er større enheter, noe som også reflekterer samfunnsutviklingen innen kommunesektoren. Samhandlingsreformen er et eksempel som stiller nye krav til kompetanse for både kommunene selv og kommunens revisor. Blir det færre og større kommuner i fremtiden er det med på å forsterke behovet for større revisjonsenheter.

Vi foreslår at utredningen blir gjennomført etter følgende mandat:

*Utredningen skal innledningsvis beskrive revisionens oppgaver, lovmessig grunnlag og intensjoner for den kommunale revisjonsordningen, herunder avgrensning i forhold til rådmannens ansvar for internkontroll og tilsynsmyndighetenes virkefelt.*

*Utredningen skal beskrive hvilke krav og målsettinger som er relevant å stille til en framtidig interkommunal revisjonsordning. Videre skal den belyse fordeler og ulemper med en*

*sammenslåing av revisjonsenhetene sammenholdt med dagens ordninger, herunder i hvilken grad en sammenslåing av enhetene kan bidra til økt kompetanse, høyere kvalitet på revisjonstjenestene, høyere produktivitet eller andre fordeler. Dagens kompetansebeholdning i revisjonsenhetene må også kartlegges.*

*Alternative organisasjonsmodeller og samarbeidsordninger skal være en del av utredningen. Her skal det blyses hva slags bindinger og forpliktelser en eventuell endring av revisjonsordningen vil innebære for kommunene, herunder muligheten for framtidig uttreden av ordningen. Ansattes rettigheter og forpliktelser blyses i utredningen.*

*Det skal blyses hvordan eierkommunene kan utøve eierstyring dersom revisjonen organiseres som et interkommunalt selskap(IKS).*

*Utredningen skal også kort beskrive forholdet mellom revisjonsenheten og sekretariatet for kontrollutvalgene.*

## Organisering av utredningsarbeidet

Det har vært gjennomført flere utredninger om kommunal revisjon i Norge de siste årene. Vi har sett på organisering av en tilsvarende utredning på Romerike som førte frem til et felles revisjonsselskap for kommunene der. Vi foreslår i hovedsak å bruke den samme organisering av vår utredning.

Som nevnt innledningsvis foreslår vi at det etableres en styringsgruppe som leder utredningsarbeidet.

Vi har i dag to revisjonsselskap og fylkesrevisjonen som har meldt sin interesse for å delta i utredningsarbeidet. Styringsgruppen kan bli veldig stor dersom alle aktuelle kommuner og fylkeskommunen skal være representert. Vi foreslår derfor at det blir ett medlem fra ett av kontrollutvalgene som tilhørere hver revisjonsenhet i styringsgruppen, til sammen blir det da 3 medlemmer pr dato. For å ha en sterkest mulig forankring politisk mener vi at det er kontrollutvalgsledere som fortrinnsvis må velges til dette. Et alternativ kan være å velge leder av representantskapet eller styret for revisjonsenheten, noe som gir en god forankring mot dagens revisjonsenhet på overordnet nivå. I tillegg mener vi det må være en representant fra de ansatte i styringsgruppen, denne velges av de ansatte.

Vi foreslår også at det settes ned en arbeidsgruppe som skal gjennomføre utredningen.

I arbeidsgruppen foreslår vi at revisjonssjefene i aktuelle enheter deltar, samt at de ansatte får velge en representant. Prosessen involverer svært mange kommuner og flere revisjonsenheter så vi anbefaler også at det vurderes å ta inn en ekstern utredningsleder som kan lede prosjektet.

Dersom flere revisjonsdistrikt/kommuner ønsker å delta i utredningen mener vi at det på samme måte som ovenfor, også da velges en kontrollutvalgsleder fra en av kommunen i det aktuelle revisjonsdistriket inn i styringsgruppen.

Det bør også velges personlige varamedlem til alle deltagere i styringsgruppen.

Styringsgruppen og arbeidsgruppen kan selv velge sin organisering, men vi anbefaler at det velges en leder for hver av disse som har et særskilt ansvar for fremdriften i arbeidet.

## Framdriftsplan

Vi ser mange fordeler med en effektiv framdrift på utredningen. Det er likevel svært mange kommuner involvert og arbeidet vil nødvendigvis ta tid.

Vi legger frem følgende forslag til overordnet fremdriftsplan:

- Konstituerende møte med valg av styringsgruppe – innen 30.11.2013
- Utredning lagt frem av styringsgruppen – innen 30.04.2014
- Behandling i respektive kommunestyre/fylkesting – innen 30.06.2014
- Forhandlingsfase for etablering av ny revisjonsenhet – 1.7 til 31.12.14
- Eventuell etablering av ny revisjonsenhet – innen 30.6.2015

Det er mest praktisk å etablere en ny revisjonsenhet 1.7.2015 pga revisjonsarbeidet for regnskapsåret 2014 blir avsluttet i løpet av første halvår 2015.

De kommuner som ønsker å delta i arbeidet må avklare dette innen konstituerende møte i styringsgruppen.

Vi ser at utredningsarbeidet må delvis gjennomføres i årsoppgjøret som er den mest krevende tid for revisjonsenhetene, vi tror derfor det må beregnes såpass tid på dette.

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Stranda kommune

Dato: 19.03.2014

**SAK 07/14**

**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK – RUTINAR FOR INFORMASJON TIL  
KOMMUNESTYRET OM GJENNOMFØRING AV POLITISKE VEDTAK**

Ovannemnde tema er viktig både for administrasjon, politikarar og kontrollorgana. Det er også viktig for brukarar av kommunale tenester (innbyggjarane) at dei vedtaka som kommunestyret fattar blir sett ut i livet. Også media har interesse i å følgje med og rapportere om dette.

Det er då viktig å ha eit system for å dokumentere at dei vedtaka som har blitt fatta har blitt sett ut i livet. Ei matrise som listar opp alle kommunestyrevedtak med saksnummer og år med ei kort og enkel forklaring på kva saka gjeld og kva som er gjort vil vere svært nyttig. Slik oversikt bør lagast kvart halvår og det bør ligge ved ei restanseliste for ikkje gjennomførte vedtak frå tidlegare periodar.

Det blir lagt opp til å drøfte dette temaet i møtet og rådmannen blir invitert for å informere om korleis denne oppfølginga skjer i dag og kome med synspunkt på korleis ei slik oppfølging bør vere innretta.

Harald Rogne  
dagleg leiar